

## Referat frå elevråd 19.11.24

### Sak 21 Høyring kringsgrenser.

Elevrådet på Hognestad skule ynskjer ikkje alternativet der Stemmen, Austre og Vestre ring vert lagd til Rosseland skulekrins, då skulen truleg ikkje har kapasitet. Elevrådet anbefaler heller at kringsgrensa går ved Brøytvegen, slik at Stemmenfeltet sokner til Hognestad, men ikkje Austre og Vestre ring, dei sokner til Bryne skule som før. Elevrådet vil derfor anbefala at kommunen vel alternativ to, men med endringa på Stemmenfeltet. I høve til kringsgrenser for Norheimsfeltet på ungdomstrinnet gjev elevrådet uttrykk for at dette er vanskelege dilemma, der ein må lytta meir til dei som vert direkte råka, men at det er betre og ikkje dela opp enn å dela opp feltet. I høve til punktet om iverksetting av faste kringsgrenser er elevrådet opptekne av at dei som har starta på ein skule, anten det er barneskule eller ungdomsskule, skal få fortsetja på den til dei er ferdige på den skulen.

### Sak 22 Barn og unges kommunestyre

Forslaget frå Hognestad skule er å laga sandvolleyball bane i Sandtangen. Det blir nå undersøkt prisar og teke kontakt med Brynes Vel for å høyra kva dei meiner.

### Sak 23 Evaluering av Hei Verda.

*Kva var bra?* Det var gilde aktivitetar i klasseromma, det var god mat i salg, det var mange som kom, mange gav fine gevinstar. Brukte basar.no til å trekka gevinstar, det fungerte bra. Me solgte mykje.

*Kva kunne vore betre?* Litt dumt at årene blei utsolgt så fort (hadde 400, kunne hatt fleire. Kan me låna i kyrkja neste gong? Noko var litt dyrt, td. Lappene og årene, kunne dei vore billegare? Men, me fekk inn **29 800 kr**, som jo er veldig bra!

### Sak 24 Eventuelt

- Advent på skulen. Kva vil elevrådet gjere? Maskorama med juletema? Luciatog med 1.klasse (helst med lussekatter)? Lærarane delte ut pepperkaker 1.desember i fjor, det var kjekt
- Julefest: forslag julepotpurri
- SU møte neste veke, Lilja, Jonas og Jens møter.

Referent

Kristin Sando